



Open dag på Sagvåg skule onsdag 17. oktober 2007

I samband med TV-aksjonen som skal vera 21. oktober, vil me ha open dag onsdag 17. oktober kl.10.00 – 12.30.

Det vert

- loddsal
- lynlotteri
- loppemarknad
- kafè
- sal av sjølv laga produkt
- turløype

Inntekta av TV-aksjonen 2007 skal gå til UNICEF sitt arbeid for barn som er råka av hiv/aids. NRK samarbeider med Norges Idrettsforbund og Right To Play. Gjennom aksjonen ynskjer dei å forandra livet til barn og unge som er truga av hiv-smitte i kvardagen. Mange lever utan foreldre som følgje av hiv/aids.

**Inntektene går til TV-aksjonen.
Me ynskjer alle interesserte velkomne!**

Loppemarknad

Kjekt om de har noko i heimane som kan seljast på loppemarknad. Det kan t.d. vera leiker, sportsutstyr, pynteting eller bøker. (Me skal ikkje selja klede.) Det som skal seljast kan elevane ta med på skulen seinast måndag 15. oktober.

Kafè

Me bed heimane om hjelp til mat og drikke i kafèen.

1. årssteg 1,5 l ferdigblanda saft
2. og 3. årssteg ei kanne kaffi (hugs namn på kanner)
4. årssteg 1,5 l ferdigblanda saft
5. og 6. årssteg langpannekake, 30 bollar e. l. (hugs namn på former og fat)
6. steget 1,5 l vaffelkakerøre.

Mat og drikke kan leverast på kjøkenet nede ved amfiet om morgonen eller før kl. 10.00.

Helsing elevar og lærarar

**Sammen
for barn**

TV-aksjonen 2007

unicef  NRK
I SAMARBEID MED IDRETTE